

Ja til utliggar frå molo på Skorpo

21.10.2009

Kystverket vest anser ikkje at tiltaket vil hindra ålmenn ferdsle i området særleg og gjev løyve til utleggjing av utliggar frå ein eksisterande molo på Skorpo. Brit M. Dale som bur på Stord er søkjar og utliggaren vil gå ut frå moloen i 6-8 meters lengd i nordvestleg retning.

Kommunen har fatta positivt vedtak om å gje dispensasjon frå arealføremålet fiskeområde i gjeldande kommunedelplan samt frå forbodet om byggjing og deling i 100-metersbeltet.

Utliggaren må ha tilstrekkeleg solid utførelse og fortøyast/forankrast på ein slik måte at konstruksjonen ikkje hindrar eller skadar annan sjøvegs trafikk samt at ein unngår avdrift.